

Delta i debatten,
skriv til oss!

Send ditt innlegg til
debatt@nasjonen.no.
Innlegg kan også sendes pr. post til

Nasjonen, Postboks 9390 Grønland, 0135
Oslo. Mer konvolutt «debatt». Innlegg
som sendes elektronisk blir prioritert.

Kronikk: Max 5000 tegn med mellomrom.
Leserinlegg: Max 2500 tegn med mel-
lomrom. Kun bestilte kronikker honoreres.

Redaksjonen forbeholder seg retten til
å forkorte innsendt stoff og til å publi-
sere det elektronisk.

KRONIKK



Relevans: Årets Nobelpris i økonomi til den amerikanske statsvitaren Elinor Ostrom peikar ut ei ny retning for økonomifaget med relevans som strekkjer seg langt inn i norske bygdesamfunn.

FOTO: SCANPIX

Den noble allmenning

Ved årets Nobelpris i økonomi peikar det svenske Kungliga Vetenskapsakademien ut ei ny retning for økonomifaget med klar relevans for praktisk politikk, ein relevans som strekkjer seg langt inn i norske bygdesamfunn og forvaltning av rurale ressursar.

Ved å gi prisen til den amerikanske statsvitaren Elinor Ostrom, tok ein ikkje berre steget utover skuleøkonomanes rekkjer, ein tok også eit steg vekk frå den neolibérale økonomiske tenkinga og absoluttismen som pregar dei enkle ideane kring eigedom og ressursforvaltning. Med tverrfaglege perspektiv og omfattande empiriske prov utfordrar Elinor Ostrom den rådande ortodoksien. I den no klassiske studien «Governing the Commons» frå 1990, set ho punktum for ein 20 år lang debatt utløynt av biologen Garrett Hardin si tese om allmenningens tragedie. Ei tese som har gitt næring til den blinde trua på kor fortrefleleg den private eigedomsretten er og, paradoksal nok, ei tilsvarande naiv tru på kor naudsunnt og fortrefleleg statleg styring og forvaltning er.

Ostrom stilte spørsmål ved grunnlaget for denne enkle styringstenkinga og dokumenterte at verken privatisering eller kollektivisering utan vidare ville fungere bra. For medan privatisering ser ut til einast å føre med seg meirkostnader og ineffektiv ressursbruk, slit dei statlege forvaltingsregima med omfattande informasjonsvanskar og svake overvakings- og sanksjoneringsmekanismer.

Ostrom introduserer eit tredje alternativ: Det sjølvstyrte lokale kollektivet. Her til lands kan det best

representerast med bygdesamfunnet. Ho syner oss at lokalsamfunna i stor grad har vore i stand til å ta vare på lokale fellesressursar.

Dei beste forvaltingsregima, hevdar Ostrom, i tydinga dei mest berekraftige, finn me der folk som har levd saman lenge, og der ein aktar å halde fram med å leve saman, i fellesskap får kontrollere bruk og vern. Det er her vi finn regima som er best tilpassa ressursen dei er tenkt å forvalte, det er her vi finn dei mest sofistikerte vedtaks- og handhevingsmekanismar, det er her tilliten og legitimiteten er størst. Ostrom finn at lokale styringsformer basert på frivillig samarbeid, sjølv mellom konkurrentar, knytt til sameinte spelereglar og praksisar under visse vilkår er meir effektive enn både privat og statleg styring.

Ostrom presiserer at vellukka sjølvstyrte lokale forvaltingskollektiv ikkje kan fungere aleine. Det inngår i samfunnet og må ha eit mandat og ei ramme frå storsamfunnet for å sikre legitimitet og autoritet internt i organisasjonen. Ramma må sikre samsvaret mellom storsamfunnets verdiar og lokale styringsprosedyrar. Det sjølvstyrte lokale kollektivet treng reell rett til å lage reglar, til å overvake ressursbruken og til å sanksjonere dei som bryt dei lokale forvaltingsreglar. Vidare lyt det vere samsvar mellom ressursgrensene og styringsorganisasjonen.

Der ressursen strekkjer seg over fleire bygdesamfunn må den lokale styringsorganisasjonen byggjast opp føderalt. Ostrom gjer eit poeng ut av prinsippet om at det må vere samsvar mellom kva den einskilde yter til forvaltninga og det ein får att. Når grunneigarar og lokalbefolkning opplever

einast ulemper ved nasjonalparken, verdsarvområdet eller dyrelivsfredinga, reagerar dei forståeleg nok negativt.

Her til lands er det fyrst og fremst stats- og bygdeallmenningen ein tenkjer på når ein snakkar om allmenningar. Vi finn også eit samsvar mellom slik det var tenkt kring reformene i allmenningslovene på 1850-talet og Ostrom si tenking om det sjølvstyrte lokale kollektivet. Fyrst på 1800-talet, etter fleire år med rovhogst i skogen, spekulerte nemleg embetsverket på korleis ein skulle kome seg ut av uføret ein var hamna i. Løysinga dei kom opp med var den same som dagens ideologi tilrår – privatisering – men heller ikkje då verka det. I 1857 og 1863 tok Stortinget to vellukka grep. Dei gav klare ramar for avgjerdsprosedyrane for dei som hadde rett i allmenningane, og dei introduserte eit tydeleg skilje mellom grunneigaren sine rettar og allmenningsretten. Allmenningsinstituttet vart tufta på ideen sjølvstyrte lokale forvaltingskollektiv.

Vi treng å tenke gjennom kva vi kan lære av Ostrom. Vi treng å tenke gjennom kva vi kan lære av det norske allmenningsinstituttet. Vi treng å revitalisere allmenningen og å ta i bruk lærdomen og kunnskapen i forvaltninga av dei mange nye allmenningane vi er i ferd med å utforme. Kva kan Ostrom og allmenningsinstituttet fortelje oss om forvaltninga av strandsona, nasjonalparkane, landskapsvernområda, verdsarvområda, jaktvalda, rovdryrområda, finnmarksallmenningen, elvane og dei lakseoppdrettsfrie fjordane?

Dei klassiske norske allmenningane har fungert godt, derfor har også forskinga på allmenningane

vore beskjeden. Det er ikkje ei prioritert oppgave for norsk forskning å finne ut kvifor ting verkar, men for den som ønskjer betre ressursforvaltning er det ikkje berre viktig, men essensielt. Ostrom ville ikkje fått nobelprisen om ho ikkje hadde kunna dokumentere ut over all rimeleg tvil at allmenningar både i Sveits og Spania har eksistert som velfungerande lokal forvaltingskollektiv i snart 1000 år. Dette er også ein del av den respekten for empirisk kunnskap som Nobelprisen peikar på. I over 40 år har Ostrom og hennar kollegaer lagt fram empiriske prov på at under dei rette føresetnadane er vanlege folk fullt ut i stand til å ta vare på ressursar til fellesskapets beste. Ho har gjort debatten om ressursforvaltning til noko meir enn partielle resonnement innan teoretiske modellar på økonomien sitt skrivebord. Ho har observert kva som skjer i den verkelege verda.

Dette bør etter vårt syn vere ein inspirasjon for vår heimlege praksis. Heilt sidan den første nasjonalparken vart oppretta har det vore strid om kva rolle grunneigarar, bygdefolk og lokalsamfunn skal ha i høve til det statlege byråkratiet. I dag kan det sjå ut til at byråkratiet er sikrare enn nokon gong på at lokalsamfunnet bør ha minst mogleg innverknad. Kvifor trur dei det? Kva er empirien? Kva ville resultatet vore om ein tok lærdom av Ostrom eller av prinsippa bak dei tidlege allmenningenslovene her i landet? Ville det vore betre eller dårlegare, og kven ville i så fall fått det dårlegare?

Bjørn Egil Flø

Forskar, Norsk senter for bygdeforskning
Erling Berge
Professor, NTNU

SAMFERDSEL

Kleppa og Opseth

Så blei det då skifte av statsrådssete frå kommunal til samferdsel for Magnhild Meltveit Kleppa. Gleda lokalt nådde store høgder. Nå skulle Magnhild verkeleg få fart på utbygginga av dei store samferdselsprosjekta i fylket. Serleg syntest det vera solrenning for Ryfastfansen. Magnhild såg dei for seg som Rogaland sitt svar på sjølvaste Kjell Opseth. Grunnen til at Kjell Opseth var idealet, er at han i si tid som samferdselsminister fekk ord på seg for å ha sørgt for ekstra stor veg- og tunnelbygging i heimfylket Sogn og Fjordane.

Me kritiserar altså Kjell Opseth for at han favoriserte eige heimfylke. Skjedde det ei slik favorisering frå Kjell Opseth si side, ja så var resultatet at andre landsdeler då måtte betala prisen i form av mindre vegløyvingar. Så når våre lokale samferdselspolitikarar i festrusen etter statsråds-skiftet lanserar Magnhild som ein ny Opseth som tilgodeser ekstra midlar til Rogaland, så seier dei i realiteten: «Skit i dei andre fylka om dei får mindre å rutta med til vegar om me berre får meir». Ja dette er nøyaktig same tankegangen som ligg bak Ryfastkjøret: Skit i høgsfjordbuen, sandnesbuen og jærubuen om dei misser ferja si.

Bystyret i Stavanger utsette nyleg eit møte der gratis soneparkering var tema. Grunnen til utsetjinga var tvil om habiliteten til fleire av representantane då dei budde innan sona. Kva skal ein då seia om Magnhild Meltveit Kleppa og habiliteten hennar når Ryfastsaka skal handsamast i departementet, og seinare leggast fram for regjering og Storting? Ho er jo busett i Hjelmeland, som ligg midt i smørauga for Ryfastprosjektet. Burde ho ikkje då stiga til sides og la ein settestatsråd overta? Gjer ho ikkje det, vil ho i framtida få problem med å leva opp til den tiltrua ho har opparbeidd seg som kommunalminister. Etter alle dei lite gjennomtenkte utspela frå samferdselsvenene hennar i Rogaland, så vil heile landet nå ha merksemda retta mot Kleppa og eventuell skeivfordeling av vegmidlar til Rogaland.

Jostein Ims
Egersund